



Digitaliserings- og
forvaltningsdepartementet

Handlingsplan

Ei open forvaltning

Noregs handlingsplan 5 – Open Government Partnership (OGP) 2024–2027



Innhold

Føreord.....	4
1. Introduksjon	6
2. Prioriterte område	6
2.1 Regjeringa sine prioriterte område	6
2.2 Innspel frå forvaltninga og det sivile samfunnet – samskaping	7
2.3 Prioriteringar for perioden 2023 – 2027	7
3 Noreg og Open Government Partnership (OGP).....	8
3.1 Organisering og finansiering	8
3.2 Handlingsplanane	8
4 Samarbeidet innanfor ramma av Open Government Partnership	9
4.1 Openheitsrådet	9
4.2 Interessentforumet	9
4.3 Heimeside.....	10
4.4 Nordisk +	10
5 Openheitsarbeidet i Noreg utanfor Open Government Partnership	11
5.1 Sivilsamfunnets rolle	11
5.2 Trepertssamarbeidet.....	11
5.3 Tillitsreforma	12
5.4 Utgreiingsinstruksen	12
5.5 Offentlege utval.....	12
5.6 Høyringar	13
5.7 Forvaltningslova, offentleglova, arkivlova, miljøinformasjonsloven og openheitslova.....	13
5.8 Statens kommunikasjonspolitikk	14
5.9 Dialog med kommunane (konsultasjonsordninga).....	14
5.10 Norsk deltaking i OECD-arbeidet om openheit og demokrati, «Working Party on Open Government (WPOG)»	14

6	Noregs forplikingar 2023-2027	15
6.1	Offentlege innkjøp - etablere ei autoritativ kjelde for kvantitative data om offentlege anskaffingar.....	15
6.2	Handheve regelverket for universell utforming av ikt-løysingar.....	18
6.3	Enklare personvernerklæringer på offentlege nettstader.....	22
6.4	Digital inkludering.....	24
6.5	Evaluering av elnnsyn.....	26
6.6	Utvikle ei meir strategisk tilnærming til antikorrupsjonsarbeidet.....	29
6.7	Betre innsyn i straffesaksdokument for å gjere reglane meir i samsvar med gjeldande rettstilstand	32
7	Vedlegg: Nærare om prosessen fram mot handlingsplanen.....	35
7.1	Møte i Interessentforum 23.6.2022	35
7.2	Høyringsrunden	35
7.3	Møte i Interessentforum 20.9.2022	35
7.4	Møte med medlemmer av Interessentforum 13. og 16. januar 2023	36
7.5	Oppfølginga av møta i januar 2023 – prosessen mot ferdiggjering.....	36
7.6	Kommentarar etter høyringsprosessen juni 2023.....	37
8	Forplikingar som er fremma, men som ikkje er klare for at ein kan leggje dei inn i planen nå, men som ein kan arbeide vidare med i inntil eitt år etter at handlingsplanen er fremma:.....	38
8.1	Openheit og integritet i lobbyverksemd	38
8.2	Følge opp utgreiinga frå Ytringsfrihetskommisjonen (2022:9) og Personvernkommisjonen (NOU 2022:11).....	40
8.3	Arbeide for at det ikkje vert halde attende meir informasjon på helseområdet enn det er grunnlag for i lova	40

Føreord

I en tid hvor vi blir stadig færre, ressursene mindre og oppgavene større, er vi helt avhengig av å fornye og forbedre forvaltningen. En åpen forvaltning er en forutsetning for et velfungerende og aktivt demokrati. I Norge skal alle innbyggere ha tilgang til informasjon om hvordan myndighetene gjør sine vurderinger, og tar sine beslutninger. Det er et viktig prinsipp at forvaltningens arbeid skal dokumenteres, etterprøves, og kritiseres der det er gjort feil. Når befolkningen vet hva myndighetene foretar seg, minsker også mulighetene for korrupsjon og maktmisbruk.

I internasjonal sammenheng har Norge en relativt åpen forvaltning. Fremover kan vi forvente oss at nye digitale løsninger vil kunne effektivisere arbeidet med dokumentasjon i forvaltningen, og skape forbedrede systemer for innsyn og dialog. Samtidig vil store informasjonsmengder skape nye utfordringer.

Norges deltagelse i Open Government Partnership bidrar til å holde arbeidet med åpenhet på dagsorden både i Norge og internasjonalt. Den femte handlingsplanen for Open Government Partnership er utviklet i samarbeid mellom forvaltningen og sivilt samfunn. Forpliktelsene i planen er ambisiøse, og speiler en felles ambisjon om en åpen forvaltning i Norge. Handlingsplanen skal bidra til regjeringens arbeid mot mer åpenhet, og dermed en fornyet og forbedret forvaltning.



Karianne Oldernes Tung
Digitaliserings- og forvaltningsminister

1. Introduksjon

Det er eit sentralt mål for regjeringa å legge til rette for ei open forvaltning. Alle i Noreg skal ha høve til å vite korleis stat og kommune arbeider. Ei open forvaltning bidreg til å halde beslutningstakarar ansvarlege, det gir moglegheiter for påverknad og det er med på å bygge borgarane si tillit til offentleg forvaltning.

Gjennom tilslutninga til den multilaterale mekanismen Open Government Partnership (OGP) forpliktar Noreg seg til å gjere offentleg forvaltning meir open, inkluderande og ansvarleg. Som del av denne forpliktinga legg Noreg fram fleirårige handlingsplanar for Open Government Partnership. Handlingsplanane vert utarbeida som eit samarbeid mellom forvaltning og sivilt samfunn.

Dette er den femte handlingsplanen regjeringa har utarbeida for Open Government Partnership. Regjeringa har teke til seg tilbakemeldingar til tidlegare handlingsplanar, og har lagt vekt på å synleggjere korleis ulike aktørar har bidrege inn i arbeidet med planen.

2. Prioriterte område

I arbeidet med handlingsplanen har regjeringa lagt til rette for ein open prosess der alle relevante aktørar har fått høve til å kome med innspel til prioriterte område. Handlingsplanen er eit resultat av samskaping mellom sivilsamfunnsorganisasjonar og departementa.

2.1 Regjeringa sine prioriterte område

Våren 2022 behandla regjeringa forslag til prioriterte område i ny handlingsplan. Regjeringa foreslo sju område:

- Meir openheit om offentlege innkjøp
- Antikorrupsjon
- Aktiv offentlegheit
- Tillit til forvaltninga
- Integritet og openheit i forvaltninga
- Klima og miljø
- Viderebruk av offentlege data

I val av tema la regjeringa vekt på område der det er rom for å skape reelle endringar for innbyggjarane. Regjeringa løfta fram tema der Noreg har eit forbettringspotensial, og som også er politisk prioriterte.

Til grunn for val av prioriterte område tok regjeringa utgangspunkt i rapportar frå Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), Transparency International (TI), OGPs eige revisjonsorgan (IRM¹) og OGP-rådet i Noreg. Dei har alle peika på ulike område der Noreg kan verte betre.

¹ IRM: Independent Reporting Mechanism.

Tidlegare har regjeringa utarbeida toårige handlingsplanar for Open Government Partnership. Regjeringa meiner det er formålstenleg å utarbeide ein plan for fireårsperioden 2023 – 2027 sidan fleire av dei føreslåtte tiltaka vil kunne krevje tid å utvikle og gjennomføre.

2.2 Innspel frå forvaltninga og det sivile samfunnet – samskaping

Regjeringa sine forslag til prioriterte område vart delte med i interessentforumet for OGP-arbeidet i Noreg i juni 2022. Interessentforumet består av deltakarar frå sivilsamfunnet, OGP-rådet² og relevante departement. Allereie før møtet kom det inn forslag til forpliktingar i handlingsplanen. Det kom innspel både frå forvaltninga og sivilsamfunnet.

Forslaga det var semje om vart deretter sendt ut på høyring, for å gi alle innbyggjarar høve til å kommentere forslaga. Det kom framlegg både under høyringsrunden og gjennom det neste møtet i interessentforumet, i september 2022.

Forslag til forpliktingar vart dermed utarbeidde av både forvaltninga og sivilsamfunnsorganisasjonane gjennom samskappingsprosessar. I enkelte tilfelle vart forslag ikkje følgde opp, slik som når det gjeld reelt eigarskap. Nokre framlegg vart fremma av forvaltninga utan innspel frå sivilsamfunnet, slik som handheving av personvernerklæringar på offentlege nettstader og handheving av regelverket for universell utforming av ikt-løysningar.

2.3 Prioriteringar for perioden 2023 – 2027

Ut frå dei rundt 25 forslaga til forpliktingar sette Kommunal- og distriktsdepartementet opp ei liste over tema som syntest særleg relevante å arbeide vidare med. Det vart lagt særleg vekt på område der det er identifisert forbetningspunkt, eksempelvis der Noreg ikkje er kome godt ut i samanlikningar, eller der regjeringa ikkje er nøgde med status. Det vart også lagt vekt på å sikre oppfølging av merknadane i rapporten frå OGPs revisjonsorgan, IRM (Independent Reporting Mechanism).

Handlingsplanen inneheld difor følgande område, som kjem både regjeringa og sivilsamfunnet sine prioriteringar i møte:

- Offentlege innkjøp
- Universell utforming og digital inkludering
- Openheit i forvaltninga–arkiv/journalføring, e-innsyn
- Antikorupsjon
- Betre innsyn i straffesaksdokument

Utkast til handlingsplan vart i juni 2023 sendt til interessentforumet og OGP-rådet. Planen vart samstundes lagd ut på regjeringa si nettside om openheit i forvaltninga³ for kommentar.

² Eit råd oppnevnt av regjeringa for å bistå i arbeidet med openheit i forvaltninga.

³ <https://open.regjeringa.no/>

3 Noreg og Open Government Partnership (OGP)

3.1 Organisering og finansiering

Noreg vart ein del av Open Government Partnership allereie i 2010, som eitt av dei aller fyrste landa. Noreg har også delteke i OGP si styringsgruppe. Det er i dag Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) som samordnar OGP-arbeidet i Noreg.⁴ Noreg støttar OGP finansielt gjennom ei årleg løyving tilsvarande 200 000 amerikanske dollar.

Noreg har oppretta eit interessentforum for regjeringa sitt arbeid med OGP. Medlemmene i interessentforumet består av ei rekke sivilsamfunnsorganisasjonar saman med departementa. Alle organisasjonar står fritt til å kunne ta del i arbeidet (sjå pkt. 4.2). I tillegg har Noreg på eige initiativ oppnemnt eit OGP-råd. OGP-rådet er oppnemnt av regjeringa (sjå pkt. 4.1).

3.2 Handlingsplanane

Noreg har tidlegare utarbeida fire handlingsplanar for Open Government Partnership, samt ei forlenging av den fjerde planen.⁵ På grunn av koronapandemien var det ikkje mogleg å starte arbeidet med ein ny handlingsplan, og den fjerde vart difor utvida med fleire tiltak. Dette vart gjort i samforståing med OGP.

Det er dei einskilde departementa og verksemdene som er ansvarlege for sine respektive forpliktingar i handlingsplanane.

Noreg sine handlingsplanar vert vurderte av OGPs eige revisjonsorgan, Independent Reporting Mechanism. Planane har fleire gonger blitt kritiserte av revisjonsorganet for ikkje å vere ambisiøse nok, at dei har inneheldt forpliktingar som uansett ville verte gjennomførte, og at arbeidet i for liten grad har involvert sivilsamfunnet.

Noreg har samstundes hausta lovord, mellom anna om forpliktingar om likestilling, reelt eigarskap og tilgjengeleggjering av finansielle data.

⁴ Kommunal- og distriktsdepartementet har vore ansvarleg for koordineringa av arbeidet fram til utgangen av 2023.

⁵ Handlingsplan 4 B.

4 Samarbeidet innanfor ramma av Open Government Partnership

4.1 Openheitsrådet

I 2015 etablerte Noreg eit openheitsråd; OGP-rådet. Rådet er oppnemnt av regjeringa, og består av seks personar frå ulike organisasjonar og verksemder. Rådet har bidrege i arbeidet med å utvikle handlingsplanar for Open Government Partnership gjennom innspel til tema og prioriterte område. Rådet har også fylgt arbeidet med å utarbeide, iverksette og følge opp planane.

OGP-rådet har på eige initiativ delteke i det offentlege ordskiftet om openheitspørsmål. Mellom anna har rådet publisert korte videofilmar på nett.⁶ I perioden 2020/21 retta rådet særleg søkelyset mot openheit under pandemien. I 2022 vart det laga tre videoar som tok for seg openheit meir generelt og OGP spesielt.

Medlemmer av rådet har delteke på møter saman med Kommunal- og distriktsdepartementet i ulike samanhengar, seinast under OGPs regionalmøte i Roma i 2022 og på OGPs toppmøte i Tallinn i 2023.

4.2 Interessentforumet

Eit viktig element i OGP er interessentforumet («stakeholders' forum»). Forumet består av forvaltninga og sivilsamfunnet, og møtest regelmessig for å følge OGP-arbeidet. Interessentforumet spelar ei aktiv rolle i utarbeidinga av handlingsplanane, men også når ein skal iverksette og følgje opp planane.

I Noreg har det ikkje vore faste medlemmer av interessentforumet. Kommunal- og distriktsdepartementet har utarbeidd ei adresseliste over sivilsamfunnsorganisasjonar som får innbydingar til møter og anna orientering. Dette er organisasjonar departementet har gått ut frå er interesserte i arbeidet. I innbydingane har det vore oppmoda til å vidaresende møteinnkallinga til andre organisasjonar som kan vere aktuelle. Brev til interessentforumet har gjerne handla om førespurnader om innspel til handlingsplanar, orientering om møte i OGP og liknande.

Erfaring frå interessentforumet viser at få organisasjonar vel å delta i forumet når allmenne openheitsspørsmål vert handsama. Fleire aktørar prioriterer heller å delta når meir fagleg avgrensa tema, knytte opp til eige interessefelt, vert behandla.

Deltaking på møta avspeglar gjerne kva for tema som er oppe til debatt. Like fullt har relativt få organisasjonar stilt på møta. Dei fleste av dei organisasjonane som vel å møte, arbeider med openheit generelt og med openheit rundt pengestraumar. I tillegg har organisasjonane frå mediebransjen møtt.

⁶ Sjå OGP-rådets YouTube-kanal «Open Government Partnership Noreg».

Det har vore fleire møte i forumet under utarbeidinga av den femte handlingsplanen. Det første møtet fann stad 23. juni og utgjorde starten på arbeidet med handlingsplanarbeidet. Dette vart følgt opp av eit nytt møte 20. september. Til desse møta var alle organisasjonane inviterte. I tillegg vart det halde to temamøte der interessentane hadde spelt inn forslag til forpliktingar (høvesvis. 13. og 16. januar 2023).

4.3 Heimeside

Det er oppretta ei eiga nettside om arbeidet med Open Government Partnership (<https://open.regjeringa.no/>). På nettsida publiserer Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet informasjon om arbeidet med handlingsplanen og andre deler av Noreg sitt OGP-arbeid.

4.4 Nordisk +

Gjennom fleire år har Noreg spela ei aktiv rolle innanfor ramma av Open Government Partnership. Eit samarbeid som opphavelig bestod av Danmark, Finland, Sverige og Noreg er vorte utvida til også å omfatte dei baltiske landa, Tyskland, Nederland og Skottland. Samarbeidet vert gjerne omtala som «Nordisk +» eller «Nordic +», og det vart i si noverande form initiert på toppmøtet i Ottawa i 2019.

Kontaktpersonane i landa møtast jamleg gjennom fysiske eller digitale møter. Administrasjonen i Open Government Partnership deltek på nokre av møte. Møta har fagleg innhald, dels knytt til openheitsspørsmål, dels knytte til prosessar slik som arbeid med handlingsplanar og korleis forvaltninga arbeider overfor sivilsamfunnet.

I tillegg til møte kor alle eller dei fleste landa deltar, finn det også stad bilaterale møte.

Frå Noreg deltek ansvarleg(e) kontaktperson(ar) for OGP, gjerne saman medlemmer av OGP-rådet.

5 Openheitsarbeidet i Noreg utanfor Open Government Partnership

Noreg er kjent for å vere eit av dei mest opne samfunna i verda. Landet skårar ofte godt på ulike samanliknande statistikkar for mellom anna tryggleik, tillit, helse, politisk deltaking og antikorrupsjon. I 2021 gjennomførte OECD ei undersøking av befolkningas tillit til forvaltninga i Noreg⁷ (tilsvarande undersøkingar vert gjorde i alle OECD-landa).⁸ Her kom Noreg godt ut, men fekk råd om mellom anna å betre høvet for påverknad for marginaliserte grupper.

Ikkje alt openheitsarbeid i Noreg vert omfatta av OGP. På ei rekke område samarbeider forvaltninga og det sivile samfunn:

5.1 Sivilsamfunnets rolle

Sivilsamfunnet spelar ei monaleg rolle i norsk samfunnsliv, og har gjort det i to hundre år. Tal frå Institutt for samfunnsforskning og Frivillighet Norge viser høg organisasjonsgrad i befolkninga. Institutt for samfunnsforskning har funne ut at eit fleirtal av den vaksne befolkninga utfører frivillig arbeid kvart år. Det er rekna med at innsatsen frå frivillig sektor utgjer ein årleg produksjon av tenester på 50 milliardar kroner.

Fleire sivilsamfunnsorganisasjonar arbeider for å fremje godt styresett og god forvaltning, gjerne gjennom kampanjar for auka openheit om statens inntekter og kamp mot korrupsjon. Dei overvakar også måloppnåing og kvalitet på offentleg politikk og bidrar til spreiding av informasjon og kunnskap om offentleg politikk.

Sivilsamfunnsorganisasjonar har kontakt med det offentlege på ulike måtar: Det kan finne stad gjennom f.eks. Stortingets komitear, gjennom kontakt med departementa (politisk leiing eller embetsverket), eller gjennom direktorat. Tilsvarande er det ein utstrekt kontakt med lokalforvaltninga. I tillegg deltek dei ofte aktivt i høyringar og andre innspel. Sivilsamfunnsorganisasjonar kan også delta i råd og utval kor dei er med på å legge premisser for seinare handsaming i folkevalde organ.⁹

5.2 Trepertssamarbeidet

Det norske samfunnet bygger meir på konsensus enn på konflikt. Trepertssamarbeidet eit viktig verkemiddel. Dei tre partane er staten, arbeidstakar- og arbeidsgjvarsida. Ei viktig sak som partane samarbeider om, er inntektspolitikken. Det inntektspolitiske samarbeidet mellom regjeringa og partane i arbeidslivet har som hovudmål å koordinere lønsdanninga. På den

⁷ OECD (2022), Drivers of Trust in Public Institutions in Norway, Building Trust in Public Institutions, OECD Publishing, Paris, <https://doi.org/10.1787/81b01318-en>.

⁸ "Levels of public trust in Norway are among the highest in OECD countries. In 2021, 77% of the population reported trusting the government, compared to an OECD average of 47%. Law and order institutions, such as courts and the police, are trusted by 82% of people. The parliament is trusted by 69% of the population, while 65% trust the civil service and 58%, the local government. On the low end of the spectrum, only 40% of Norwegians reported trusting the media, with no distinction among different types of providers." (OECD 2022 s. 9.)

⁹ Neumann, A (2017). Frivillige organisasjoners påvirkning av offentlig politikk og samfunn (Bacheloroppgave).

måten skal inntektspolitikken bidra til ein moderat pris- og lønsvekst. Det vil igjen styrke grunnlaget for varig høg sysselsetting og låg arbeidsløyse. Lønsforhandlingane har partane ansvaret for. Det inntektspolitiske samarbeidet mellom regjeringa og partane i arbeidslivet er forankra i regjeringas kontaktutval, som vart oppretta i 1962, og vert leia av statsministeren. Samarbeidet har bidrege til at Noreg har hatt lågare arbeidsløyse og lågare konfliktnivå i arbeidslivet enn dei fleste andre land.

5.3 Tillitsreforma

Tillitsreforma er eit av dei viktigaste prosjekta til regjeringa, og ein sentral del av arbeidet med å fornye og utvikle offentleg sektor. Dette er ikkje ei tradisjonell reform kor regjeringa avgjer struktur og utforming og deretter gir forvaltninga beskjed om korleis ho skal gjennomførast. Innholdet i reforma skapast i tett samspel med brukarorganisasjonar, tillitsvalde og leiding i alle store offentlege verksemdar. Arbeidet med tillitsreforma er difor ein helt sentral del av fornyingsarbeidet i offentleg sektor. Målet med reforma er meir velferd og betre tenester til innbyggjarane i heile landet. Dette skal regjeringa oppnå ved å auke tilliten innerter i offentleg sektor. Reforma skal være konkret, og departementa jobbar no mellom anna med å gi meir fagleg fridom til fyrstelinja og å redusere rapporterings- og dokumentasjonskrav som ikkje er naudsynte.

Om dei tilsette får meir tid og rom til å bruke sin kompetanse på det dei fyrst og fremst er tilsette for, vert ressursane nytta betre og brukarane kan få betre tenester. Dei tilsette sin kunnskap og kompetanse er den fremste ressursen i offentleg sektor. Den må ein ta godt vare på og bruke best mogeleg.

5.4 Utgreiingsinstruksen

Formålet med utgreiingsinstruksen er å legge et godt fagleg uavhengig grunnlag for avgjersler om statlege tiltak. Slike avgjersler kan omhandle reformar, regelendringar og investeringar, eller politiske avgjersler. Det er viktig at statlege avgjersler er velgrunna og gjennomtenkte. Ufullstendig eller manglande utgreiing aukar risikoen for at ein fattar avgjerder som ikkje kan gjennomførast, som gir uynskte verknader eller som inneber sløsing med samfunnets ressursar. Eitt av krava i instruksen er at forvaltninga skal involvere dei som tiltaket kjem ved tidleg i utgreiingsprosessen. Utgreiingsinstruksen finst i Lovdata.

5.5 Offentlege utval

Offentlege utval har i lang tid hatt ein sentral plass i det norske styringssystemet. I offentlege utval deltek ulike delar av samfunnet, til dømes interesseorganisasjonar og akademier. Målet med å nedsette offentlege utval er å utvikle kunnskapsgrunnlaget for politikken og foreslå konkrete tiltak, til dømes nye lover. Utvala skal levere ein offentleg rapport (nokre gonger fleire), som formelt sett er eit råd til det departementet som har nedsett utvalet. Offentlege utval bidrar også til at det er openheit om kven som gir regjeringa eller statsrådar råd om utvikling og gjennomføring av offentleg politikk, og om kva for råd dei gir. Rapportane vert ofte gitt ut i den etablerte ordninga som vert kalla NOU (Noregs offentlege utgreiingar), men dei kan også givast ut på annan måte.

NOU-ane vert som regel sende på offentleg høyring og vert difor ofte ein del av det faglege grunnlaget for meldingar og proposisjonar som regjeringa legg fram for Stortinget. Dei

offentlege utvala er statlege og nedsette av regjeringa eller av eit departement. Utvala har ekstern representasjon og er tidsavgrensa, til dømes til eitt år. Dei eksterne medlemmene kan vere partsrepresentantar eller uavhengige ekspertar. Utvala kan også ha medlemmer frå offentlege styresmakter.

Offentlege utval skal ha fleksibilitet i arbeidet sitt. Dette inneber at dei kan ha dialogar og diskusjonar med kven dei måtte ynskje, berre eventuelt avgrensa av mandatet.

Det er gitt ut ca. 1650 NOU-utvalsrapportar totalt sidan serien starta i 1972.

5.6 Høyringar

Høyring vert nytta for at innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv skal få seie si mening og føre kontroll med kva forvaltninga gjer og korleis den utfører sine oppgåver. Normalt skal høyringsfristen være tre månader.

Saker vert sende på høyring fordi:

- det er ein demokratisk rett for alle å få vere med på å utforme offentlig politik.
- synspunkta frå dei det gjeld skal verte kjende for dei som skal fatte avgjersler.
- saker skal opplyst så godt som mogeleg før ein fattar avgjerdse (ref. forvaltningslova).
- deltaking skapar betre forankring og lettar gjennomføring av tiltak.

Saker på høyring kan dreie seg om forslag til lover og forskrifter som regulerer rettar og plikter, organisering av forvaltninga, endra myndeområde, og utgreiingar. Alle og ein kvar kan gi innspel til offentlege høyringar, uansett om dei står på høyringslista eller ikkje.

5.7 Forvaltningslova, offentliglova, arkivlova, miljøinformasjonslova og openheitslova

Forvaltningslova gir generelle reglar om behandlingsmåten i den offentlege forvaltninga. Lova regulerer sakshandsaminga når ein treffer vedtak, og særleg partane sine rettar under handsaminga.

Offentleglova gir alle rett til innsyn i saksdokument, journalar og liknande register for alle organ som vert omfatta av lova. Lova gjeld for alle statlege forvaltningsorgan, kommunar og fylkeskommunar og enkelte andre verksemdar. Hovudregelen er at ein skal gi innsyn, og unntak krev heimel i lov eller i samsvar med lov. Elles inneheld lova reglar om handtering av innsynskrav og om høve til å klage på vedtak i innsynssaker.

Arkivlova skal sikre arkiv som har viktig kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon slik at desse kan takast vare på og bli gjort tilgjengelege for ettertida. Detaljerte reglar om arkivering og journalføring av dokument står i arkivforskrifta.

Miljøinformasjonslova skal sikre allmennheita tilgjenge til miljøinformasjon og med det gjere det lettare for den enkelte å bidra til vern av miljøet, til å verne seg sjølv mot helse- og miljøskade og til å påverke offentlege og private beslutningstakarar i miljøspørsmål. Lova skal

også fremje allmennheita sitt høve til å delta i offentlege vedtaksprosessar av tyding for miljøet.

Openheitslova trådde i kraft 1.7.2022. Den skal fremje verksemdene sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i samband med produksjon av varer og levering av tenester, og sikre allmennheita tilgjenge til informasjon om korleis verksemdar handterer negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

5.8 Statens kommunikasjonspolitikk

Kommunikasjonspolitikken inneheld sentrale mål og prinsipp for statens kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og anna offentleg verksemd. Måla for den statlege kommunikasjonspolitikken er at innbyggjarane skal få korrekt og klar informasjon om sine rettar, plikter og moglegheiter, ha tilgjenge til informasjon om statens verksemd, og verte involverte til å delta i utforming av politikk, ordningar og tenester.

5.9 Dialog med kommunane (konsultasjonsordninga)

Regjeringa og KS (kommunesektorens organisasjon) er sameinte om behovet for ein god dialog mellom staten og kommunesektoren om statlege rammevilkår og måloppnåing innan kommunal verksemd. Frå og med arbeidet med statsbudsjettet for 2001 har det vore regelmessige konsultasjonar mellom staten, representert ved regjeringa, og kommunesektoren, representert ved KS, gjennom faste politiske møte.

Hovudformålet med ordninga er å kome til semje om kva som kan oppnåast innanfor kommunesektorens inntektsrammer.

5.10 Norsk deltaking i OECD-arbeidet om openheit og demokrati, «Working Party on Open Government (WPOG)»

Noreg deltek i Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) sitt arbeid om openheit gjennom «Working Party on Open Government» (WPOG). Arbeidet med openheit i OECD dekkjer mange av dei same temaa som OGP, men gjerne med ei noko anna vinkling, ofte med større vekt på korleis forvaltninga skal organisere sitt arbeid. WPOG er ei arbeidsgruppe under PGC («Public Government Committee»).

6 Noregs forpliktingar 2023-2027

6.1 Offentlege innkjøp - etablere ei autoritativ kjelde for kvantitative data om offentlege anskaffingar.

Namn på forpliktinga	Etablere ei autoritativ kjelde for kvantitative data om offentlege anskaffingar.
Kort omtale av forpliktinga	<p><i>Bakgrunn</i></p> <p>Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har ambisjon om å verte oppfatta som premissgivar og fremste kjelde for kvantitative data om offentlege anskaffingar.</p> <p>OECD peika i sin gjennomgang av anskaffingssystemet i Noreg (MAPS) på at eitt forbedringspunkt var å investere i datainnsamling og utvikling av eit rammeverk for analyse og overvaking av tilstand og prestasjonsevne.¹⁰</p> <p>Riksrevisjonens gjennomgang av grønne anskaffingar i 2022 rettar også lys på problemstillinga: «Manglande datagrunnlag har gjort det utfordrande å omtale omfang, kostnader og effektar av grønne anskaffingar. En grunnleggjande utfordring er at den tilgjengelege informasjonen ikkje dekkjer behovet. Dette skuldast både at tilgangen til eksisterande informasjonsskjelder er mangelfull, og at kjeldene ikkje inneheld den naudsynte informasjonen om anskaffingane som vert gjennomførte.»¹¹</p> <p>Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) fekk i oppdrag i tildelegingsbrev for 2021 å leggje til rette for å framskaffe betre innkjøpsdata frå statlege verksemdar. I tillegg fekk dei i oppdrag å auke produksjon og bruk av data for effektiv ressursbruk. Arbeidet vart vidareført i 2022, og dannar grunnlaget for DFØ sin ambisjon om å gjere tilgjengeleg data for å fremje openheit om offentleg innkjøp. Dette vil ein gjere ved å utvide datatilfanget for å kunne produsere informasjon om offentlege anskaffingar og forbruk, saman med kva for risiko og konsekvensar anskaffingane kan ha for økonomi og berekraft.</p> <p>Døme på data DFØ ynskjer å gjere tilgjengeleg:</p> <ul style="list-style-type: none">• Data om offentlege kunngjeringar for å få eit betre kunnskapsgrunnlag om anskaffingar som vert kunngjorde på Doffin. Dette inkluderer rådata frå Doffin.no-løysinga, saman med aggregert statistikk.• Statistikk frå bruk av eBevis. eBevis er ei teneste for elektronisk innhenting av dokumentasjonsbevis frå einskilde offentlege register.• Statistikk frå reknskapsdata og leverandørinformasjon for offentlege verksemdar.• Data og statistikk om klima- og miljøvenlege offentlege innkjøp.

¹⁰ OECD (2018). Making Dispute Resolution More Effective – MAP Peer Review Report, Norway (Stage 1): Inclusive Framework on BEPS: Action 14, OECD/G20 Base Erosion and Profit Shifting Project, OECD Publishing, Paris, <https://doi.org/10.1787/9789264290389-en>.

¹¹ Riksrevisjonen (2022). Riksrevisjonens undersøkelse av grønne offentlige anskaffelser Dokument 3:5 (2021–2022), <https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2021-2022/gronne-offentlige-anskaffelser.pdf>.

	<ul style="list-style-type: none"> Data og statistikk om resultat frå anskaffingsundersøkinga. <p>DFØ har ambisjonar om å gjere data tilgjengeleg i form av statistikk og ferdige analysar på dfo.no og anskaffelser.no, samt opne data på data.noreg.no og data.dfo.no.</p>		
Kort omtale av forpliktinga	DFØ		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	NFD/DFØ DFD	Transparency International Noreg	
Tidsrom (til – frå)	2023-2024		
Problemomtale			
<p>1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?</p> <p>Behovet for betre data om offentlege anskaffingar er tidlegare omtalt av mellom anna OECD og Riksrevisjonen, samt i DFØs tildelingsbrev. Data om offentlege anskaffingar kan dekke behovet for fleire målgrupper for innsyn og kunnskap, til dømes gjennom innsikt om offentlege verksemdar sin innkjøpspraksis, samt effektar av denne.</p> <p>Det er behov for kunnskap om styring av offentlege innkjøp. Kunnskapen trengs både som grunnlag for overordna politikktutforming og for å følge opp overordna politiske mål. I tillegg treng offentlege verksemdar data for å kunne styre sine innkjøp godt og effektivt. For å få eit heilskapleg bilete av verksemdene sine innkjøpskostnader, må ein utarbeide systematiske innkjøpsanalysar som syner kven som kjøper kva og frå kva for leverandørar (spendanalysar).</p> <p>Samstundes er ei open forvaltning viktig for demokratiet fordi det bidreg til å oppretthalde ein høg tillit i befolkninga til at offentlege middel vert nytta effektivt. Statistikk og data om gjennomførte anskaffingar vil gje allmenta betre kunnskap om omfanget, type og ved anskaffingar og kven (på eit overordna nivå) som får tildelt offentlege kontraktar. Dette er informasjon som kan bidra til betre innsyn og kontroll av offentlege utgifter.</p> <p>Tiltaket vil gje målgruppene betre innsikt gjennom data og statistikk, spesielt innanfor områda kunngjeringar på Doffin, regnskapsdata og leverandørinformasjon, klima- og miljøvenlege anskaffingar, og offentlege verksemdar sitt arbeid med anskaffingar.</p>			
<p>2 Kva skuldast problemet?</p> <p>Problemet skuldast:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tilgang til data: ofte er proprietære eller verksemdsspesifikke data vanskeleg å eksportere eller overføre på grunn av juridiske hindringar eller fordi det er teknisk arbeidskrevjande. Teknisk dataforvaltningsløyning i DFØ: dataforvaltning, både ei teknisk dataplattform og kompetanse for drift og utvikling, krev kapasitet og ressursar. Målet er å etablere stabile og sikre rammevilkår for forvaltning av anskaffingsrelevante data som mogleggjer spreing og tilgjengeleggjing. 			
Omtale av forpliktinga			
<p>1. Kva er vorte gjort så langt for å løyse problemet?</p> <ul style="list-style-type: none"> DFØ har etablert ANS datasjø som ei dataplattform for dataforvaltning DFØ har etablert domenet data.dfo.no der opne data skal publiserast DFØ har gjennomført juridiske utgreiingar om tilgang til regnskaps- og fakturadata i dialog med Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). 			
<p>2. Kva for løysing foreslår ein?</p>			

<ul style="list-style-type: none"> DFØ jobbar med å få tilgang til data, etablere dataflyt til dataplattforma, gjennomføre analysar, og publisere data og statistikk ope. 					
3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga? <ul style="list-style-type: none"> Betre databasert kunnskap og openheit om offentlege anskaffingar, på grunnlag av DFØs kvantitative data om offentlege anskaffingar. Tydeleggjering av DFØs rolle som premissgirar og fremste kjelde for kvantitative data om offentlege anskaffingar. 					
Analyse av forpliktinga					
Spørsmål		Svar			
<ul style="list-style-type: none"> Korleis vil forpliktinga fremje openheit? 		<p>DFØs ambisjon fremmar openheit innan offentlege anskaffingar ved deling av rådata, analysar og statistikk. Allmennheita kan dermed i større grad kontrollere og ettergå data frå anskaffingsprosessane, men også frå faktiske innkjøp og forbruk. I tillegg kan leverandørar bruke disse dataa til å byggje løysningar og tenester som allmennheita og offentleg sektor kan bruke for å få betre innsikt.</p>			
<ul style="list-style-type: none"> Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknegheit? 		<p>Deling av data og statistikk legg grunnlaget for at allmennheita og andre kan gå offentlege verksemder i saumane i større grad. Påreknegheit vert mogleg gjennom detaljert informasjon om anskaffingar, t.d.. kven oppdragsgivar er, kva som vert anskaffa, kven som får kontrakt, volum på kontrakt, mv.</p>			
<ul style="list-style-type: none"> Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane? 		<p>DFØ søker å gje allmennheita større innsikt og kunnskap om offentlege anskaffingar på overordna nivå. Det vil også sette einskildindivid og leverandørar i stand til å undersøke og analysere data, samt lage nyhendesa-ker om anskaffingar i offentleg sektor</p>			
Planlegge forpliktinga					
Milepårar	Venta utfall	Venta fullfø- ringstidspunkt	Interessentar		
<ol style="list-style-type: none"> Opne data og statistikk om offentlege kunngjeringar, samt statistikk basert på eBevis. Statistikk frå reknskapsdata og leverandørinformasjon for offentlege verksemder Statistikk om klima- og miljøvenlege innkjøp Resultat og data frå anskaffingsundersøkinga 	<ol style="list-style-type: none"> Opne data gir detaljert innsikt i kunngjeringar som vert gjort på Doffin, samt statistikk frå elektronisk innhenting av dokumentasjonsbevis. Gir innsikt i kva for utgifter offentlege verksemder faktisk har, innanfor kva for kategoriar, samt kva for leverandørar som har store marknadsdelar innan det offentlege. Betre oppfølging av delen grøne innkjøp. 	2024	Ansvarleg: DFØ		
			Interessentar/ støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)

	4. Oversikt over offentlege verksemders arbeid med anskaffingar.				
--	--	--	--	--	--

6.2 Handheve regelverket for universell utforming av ikt-løysingar

Namn på forpliktinga	Handheve regelverket for universell utforming av ikt-løysingar slik det går fram av likestillings- diskrimineringsloven (§18) og forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonstekniske løysningar (IKT-forskrifta).		
Kort omtale av forpliktinga	<p>Regelverket stiller krav om at nettstader, appar og sjølvbeteningsautomatar som offentleg og privat sektor, inkludert frivillige organisasjonar, brukar i kontakt med allmenta, skal vere universelt utforma. Formålet er å fremje likeverdig samfunnsdeltaking, bygge ned og hindre nye digitale barrierar og hindre diskriminering. Regelverket skal handhevast og følgast opp med tilsyn, kontroll, rettleiing og områdeovervaking.</p> <p>Regelverket er utvida for offentleg sektor med verknad frå 1. februar 2023, slik at frå denne datoen vert det stilt fleire og strengare krav til universell utforming av ikt i offentleg sektor, samanlikna med privat.</p>		
Kort omtale av forpliktinga	Digitaliseringsdirektoratet ved Tilsynet for universell utforming av IKT(UU-tilsynet) er tilsyns- og kontrollorgan, medan Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er klageorgan og overordna myndighet.		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	<ul style="list-style-type: none"> • Digitaliseringsdirektoratet v/Uu-tilsynet som kontroll- og tilsynsorgan • Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) som ansvarleg for likestillings- og diskrimineringslova. • Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) som ansvarleg for IKT-forskrifta. 	<ul style="list-style-type: none"> • Alle lag og organisasjonar som nyttar nettsider, appar eller automatar i kontakt med allmenta, er pålagde å etterleve krav i ikt-forskrifta. • Brukarorganisasjonar for personar med ulike typar funksjonsnedsetjingar og organisasjonar for eldre er i særleg grad interessentar. Dette innspelet har vore til gjennomgang hjå Noregs Blindeforbund, Hørselshemmedes Landsforbund, Dysleksi Noreg og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon • Andre interessentar er bransjeorganisasjonar som marknadsaktørar 	<ul style="list-style-type: none"> • Stortinget er involvert som lovgivar. • Regelverket gjeld for alle verksemdar i privat sektor, statleg og kommunal sektor, inkludert offentlegrettslege organ som nyttar nettsider, appar eller automatar i kontakt med allmennheita, er pålagde å etterleve krav i IKT-forskrifta.

		og leverandørverksemder gjennom utvikling og tilbod av ikt-løysingar som er universelt utforma	
Tidsrom (til – frå)	<p>IKT-forskrifta vart innført i 2013, og gjeld for verksemder i privat og offentleg sektor, inkludert frivillige lag og organisasjonar. Utdanningssektoren og arbeidslivet var unnatekne.</p> <p>I 2018 vart IKT-forskrifta utvida til å omfatte digitale løysingar i utdanningssektoren.</p> <p>I 2021 vedtok Stortinget ei ytterlegare utviding av regelverket for offentleg sektor, gjennom å innlemme EU-direktiv 2016/2102 om tilgjengelege nettstader og mobilapplikasjonar, i ikt-forskrifta med verknad frå 1.2.2023.</p>		
Problemomtale			
1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?			
<p>Formålet er å sikre likeverdig samfunnsdeltaking og hindre digitalt utanforskap og diskriminering. Digitalisering av samfunnet gjer kvardagen enklare for mange. Sosiale media, nyheiter, rutetider, varekjøp, banktenester og offentlege tenester kan nåast via pc og mobil. Ni av ti er på internett fleire gonger dagleg. Men mange opplever digitalt utanforskap. Nedsett funksjonsevne, høg alder, kompetanse- og språk-utfordringar gjer at mange ikkje kan delta i samfunnet på likeverdige vilkår. Mellom 630 000 og 800 000 over 15 år har nedsett funksjonsevne, og fleire enn 600 000 opplever å ha for dårleg digital kompetanse. Digitalt utanforskap har store konsekvensar for samfunnet og den enkelte.</p> <p>Universell utforming av ikt skal redusere utestenging og diskriminering. Regelverket skal i særleg grad ivareta personar som har:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Synshemming eller er blinde • Nedsett høyrsel eller er døve • Rørslehemming eller andre motoriske funksjonsnedsetjingar • Kognitive funksjonsnedsetjingar • Anna primærspåk enn norsk <p>Manglar i kodegrunlaget til digitale løysingar kan stenge ute dei som brukar funksjonalitet for opplesing av innhald, f. eks blinde, dei med sterkt nedsett syn, har dysleksi, eller kognitive utfordringar. Svak kontrast og mangelfulle moglegheiter til forstørring av innhald, gjer det vanskeleg å bruke digitale tenester for dei med nedsett syn. Utan teksting av videoar og lydfiler, er innhaldet utilgjengeleg for dei som er døve eller har nedsett høyrsel. Overskrifter og lenker skal vere beskrivande og hjelpe brukaren med å finne fram til relevant innhald. Dette er til hjelp for alle. Dersom ei nettside ikkje kan betenast med tastatur, vert m.a. dei med motoriske funksjonsnedsetjingar, varige eller forbigåande, stengde ute. Utan gode hjelpetekstar til kva som skal leggast inn i ulike skjemafelt og tilstrekkeleg med tid til å fylle ut og sende inn, kan både dei med synshemming, kognitive funksjonsnedsetjingar, høg alder og lite erfaring med digitale tenester, gå glipp av nødvendig informasjon, tenester dei har rett på og plikter dei skal ivareta. Dette er eksempel på konsekvensar av manglande universell utforming. Det skal gagne dei som treng det mest, men gir også auka brukskvalitet for alle.</p>			
2. Kva skuldast problemet?			
<p>Digitalt utanforskap har fleire årsaker. Gevinstar av digitalisering er gjerne knytt til nedbygging av bemanna tenester. Forsking i eit brukarperspektiv viser at nedsett funksjonsevne, helseutfordringar, alder, språkbarrierar, ein vanskeleg økonomi eller livssituasjon og mangelfull tilknytning til arbeidsmarknaden gjer menneske sårbar for utestenging på digitale samfunnsarenaer. Dette er også faktorar som gjer at mange manglar nødvendig digital kompetanse og kunnskap om rettar, plikter og organisering (ofte omtala som forvaltningskompetanse eller byråkratisk kompetanse). Også tilhøve på tilbydarsida har stor betydning. Manglande universell utforming,</p>			

for lite brukarinvolvering i utvikling av digitale tenester, eit vanskeleg og utilgjengeleg språk i digitale løysingar, manglande brukarretteiing og lite ressursar til bemanna tenesteyting, gjer at krava som vert stilt til den enkelte brukar om digital sjølvbetening, vert for store. Gapet mellom samfunnet sine krav og mange brukarar sine individuelle føresetnader, vert dermed for stort. Dette skapar digitalt utanforskap, dess større gap, dess meir utanforskap.

Omtale av forpliktinga

1. Kva er vorte gjort så langt for å løyse problemet?

Noreg var svært tidleg ute med å stille krav om at IKT-løysingar i privat og offentleg sektor skal vere universelt utforma. EU følgde etter i 2018 med tilsvarande regelverk, men då avgrensa til offentleg sektor. Sidan 2014 er regelverket i Noreg handheva gjennom tilsyn med etterleving i privat og offentleg sektor, pålegg og annan reaksjonsbruk ved brot på regelverket, rettleiing til verksemdene som skal etterleve regelverket, kommunikasjonsverksemd og dialog med bransje- og brukarorganisasjonar, områdeovervaking i form av analyse og kartleggingar for å auke kunnskapen om status for etterleving og konsekvensar i form av digitalt utanforskap ved manglande universell utforming.

2. Kva løysing foreslår ein?

Tiltak/løysingar presentert her, er i tråd med Digitaliseringsdirektoratet og tilsynet for universell utforming av IKT sine planar:

1. Handheve utvida regelverk for universell utforming av IKT i tråd med pålagde føringar om auka kontrollvolum. I 2023 vert det ført sektortilsyn i opplæringssektoren, med minst 10 kontrollar. Med atterhald om tilgjengelege ressursar skal det frå 2024 gjennomførast ca. 280 forenkla kontrollar og 30-35 inngåande kontrollar med digitale løysingar i offentleg sektor. I tillegg skal det gjennomførast tilsyn og kontrollar i privat sektor også etter 2023.
2. Vidareføre arbeidet med å digitalisering av metodar for kontroll og tilsyn for effektiv oppskalering av kontrollverksemda
3. Rulle ut løysinga for tilgjengelegheitserklæringar for å bidra til at alle verksemdar i offentleg sektor har erklæringar om samsvar med regelverket
4. Vidareføre arbeidet med rettleiing, kommunikasjon, informasjonsarbeid og kontakt med bransje og brukarorganisasjonar
5. Analysere data og spreie kunnskap om status for universell utforming av IKT, digital deltaking og digitalt utanforskap
6. Bidra til eit oppdatert og relevant regelverk

3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?

Formålet er å fremje likeverdig samfunnsdeltaking, bygge ned og hindre nye digitale barrierar og hindre diskriminering.

Resultatet av å handheve og følge opp regelverket gjennom kontroll og tilsyn, rettleiing og kommunikasjon, analyse og kartleggingar, er

- at innbyggjarane uavhengig av funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta på digitale samfunnsarenaer på likeverdige vilkår.
- auka merksemd og kunnskap om universell utforming av ikt og bidrag til at universell utforming er eit kontinuerleg arbeid som er med frå starten av alle utviklingsprosjekt og vert halde ved like i vidareutvikling og forvaltning.
- auka kunnskap og bevisstheit om omfang og konsekvensar av manglande universell utforming og digitalt utanforskap.

Analyse av forpliktinga

Spørsmål

Svar

<p>1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit</p>	<p>Forpliktinga fremjar openheit ved at universell utforming av IKT gjer informasjon og tenester meir tilgjengelege, og dermed fremjar likeverdig deltaking.</p>
<p>2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknegheit?</p>	<p>IKT-forskrifta gir pålegg til verksemdene om at digitale løysingar skal vere universelt utforma.</p> <p>Verksemdar i offentleg sektor og offentlegrettslege organ, skal frå 1.2.2023, i tillegg ha tilgjengelegheitserklæringar for alle nettstader og appar. Erklæringane viser grad av samsvar med kvart enkelt krav i regelverket for universell utforming av IKT, og ha funksjonalitet for at brukarane av digitale løysingar kan melde frå om tilgjengelegheitsutfordringar.</p> <p>Digitaliseringsdirektoratet ved tilsynet for universell utforming skal årleg kontrollere i kva grad verksemdene etterlever regelverket, og resultat av kontrollane skal rapporterast til ESA/EU og gjerast offentleg tilgjengelege.</p>
<p>3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?</p>	<p>Innlemming av EU-direktiv 2016/2102 i norsk rett inneber at det totale talet på kontrollar av etterleving må aukast kraftig.</p> <p>Noreg er pålagde å gjennomføre årleg inngåande kontrollar av 30-35 nettstader og appar opp mot alle krav i regelverket og inntil 280 forenkla kontrollar av nettstader for å avdekke brot på regelverket.</p> <p>Dette skal bidra til meir universelt utforma løysingar og open informasjon om kva løysingar som er mest/minst i samsvar med regelverket. Også tilgjengelegheitserklæringar og oppfølging av tilbakemeldingar frå brukarane om tilgjengelegheitsutfordringar i offentleg sektor sine digitale løysingar, skal bidra til at verksemdene vert gjort meir ansvarlege vis a vis brukarane.</p>

6.3 Enklare personvernerklæringer på offentlege nettstader

Namn på forpliktinga	Enklare personvernerklæringer på offentlege nettstader		
Kort omtale av forpliktinga	Bidra til at offentlege verksemder formulerer og publiserer enklare og meir forståelege erklæringer om handsaming av personopplysningar.		
Ansvarleg for forpliktinga	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD)		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	Alle som handsamar personopplysningar	Alle verksemder og organisasjonar som handsamar personopplysningar	
Tidsrom (til – frå)			
Problemomtale			
1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?			
Det er ei utfordring at svært mange personvernerklæringer i både offentlig og privat sektor er vanskeleg tilgjengelege. Dei er komplekse både juridisk og teknisk, og ofte språkleg kompliserte. Dette gjer det vanskeleg for dei registrerte å forstå kva for personopplysningar som vert handsama og korleis dei vert handsama. Målet med forpliktinga er å gjere slike erklæringer meir brukarvenlege.			
2. Kva skuldast problemet?			
Det er grunn til å tro at uroa for ikkje å gje tilstrekkeleg informasjon til å oppfylle informasjonsforpliktingane i GDPR er årsaka til at mange personvernerklæringer er svært komplekse.			
Omtale av forpliktinga			
1. Kva er vorte gjort så langt for å løyse problemet?			
Vi er ikkje kjende med at det har vore arbeid særskilt frå styresmaktenes side for å bidra til enklare personvernerklæringer. Men det har funne stad noko arbeid i privat regi, til dømes utarbeiding av ikon som skal erstatte skriven tekst, utan at vi er kjende med om nokon har teke i bruk slike løysningar i Noreg.			
2. Kva for løysing foreslår ein?			
DFD tek, i eventuelt samarbeid med Datatilsynet, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring og Digitaliseringsdirektoratet, initiativ til å utarbeide malar for personverninformasjon/personvernerklæringer. Dette vil vere eit ledd i arbeidet med statens kommunikasjonspolitikk. Malen skal kunne nyttast av offentlig sektor som grunnlag for sin informasjon om handsaming av personopplysningar.			
3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?			
Enklare og meir forståeleg informasjon om handsaming av personopplysningar til borgarane. Dette vil vere i samsvar med informasjonsforpliktinga i GDPR art. 12 nr. 1.			
Analyse av forpliktinga			
<i>Spørsmål</i>	<i>Svar</i>		
1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit?	Meir tilgjengeleg og forståeleg informasjon fremmar openheit i forvaltninga og bidrar til å byggje tillit mellom borgarane og forvaltninga.		
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknegheit?	Forståeleg informasjon syner brukarane korleis offentlege verksemder tek ansvar og etterlever forpliktingane i personvernregelverket, dvs. at dei handsamar		

	personopplysningar på ein lovleg, rettferdig og transparent måte, slik regelverket krev.				
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?					
Planlegge forpliktinga					
Milepålar	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar		
	Mål for enklare og meir forståelege personvernerklæringar/informasjon om behandling av personopplysningar på offentlege nettstader.		Ansvarleg:		
			Interessentar/støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)
			DFØ Datatilsynet		
			Ansvarleg:		
			Interessentar/støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)

6.4 Digital inkludering

Namn og nummer på forpliktinga	Digital inkludering		
Kort omtale av forpliktinga	Bidra til at hele befolkninga er digital heile livet		
Ansvarleg for forpliktinga	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD)		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	Alle departement med underliggjande etatar Kommunar og fylkeskommunar	Seniornett Noreg	Finans Noreg, IKT-Noreg, IT-industri og elektronikkbransjen. Nordisk ministerråd + Baltikum
Tidsrom (til – frå)	1.1.2023 – 31.12.2025		
Problemomtale			
1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?			
Bidra til å hindre digital utanforskap i alle aldersgrupper. Unngå at folk fell utanfor digitalt.			
2. Kva skuldast problemet?			
Alder, manglande kunnskap, nedsett funksjonsevne, manglande forvaltningskompetanse, låg tillit og språklege, kulturelle barrierar.			
Omtale av forpliktinga			
1. Kva er gjort så langt for å løyse problemet?			
<p>Departementet har sidan 1999 bidrege med årleg driftsstøtte til Seniornett Noreg slik at dei kan drive opplæring av eldre over 65 år som manglar grunnleggjande digital dugleik.</p> <p>Departementet har sidan 2012 utlyst tilskot til ulike tiltak knytte til digital kompetanse i befolkninga. De siste årene har tilskota vore innretta mot kommunane med sikte på å bidra til etablering av lokale lågterskel hjelpetilbod. Rundt 70 kommunar melder i dag at dei har etablert eit Digihjelpen-tilbod som tilbyr rettleiing innan grunnleggjande digitale ferdigheiter.</p> <p>I 2014 innretta departementet fleire tiltak og aktivitetar retta mot innbyggjarane med låg eller manglande digital kompetanse mellom anna i samarbeid med Seniornett, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og KS. På oppdrag frå DFD driftar og vidareutviklar Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse ulike opplæringsressursar som kan brukast vederlagsfritt av alle som tilbyr kurs og opplæring innan grunnleggjande digitale ferdigheiter. I mars 2022 inngjekk DFD og KS ein ny samarbeidsavtale om etablering av kommunale hjelpetilbod for å auke innbyggjarane sin digitale kompetanse. Avtalen varar ut 2025. Departementet forvaltar ei tilskotsordning som skal bidra til auka digital deltaking og kompetanse i befolkninga. Tilskotet vart auka frå 2 til 8 mill. kroner i 2022.</p>			
2. Kva for løysing foreslår ein?			

- leggje til rette for kvalitetssikra og gratis hjelpetilbod til innbyggjarane med låg eller manglande digital kompetanse
- vidareutvikle samarbeidet med kommunanes organisasjon KS for å leggje til rette for utvikling av gode lokale rettleiingstilbod i heile landet
- arbeide for å ansvarleggjere næringslivet i større grad for å inkludere alle innbyggjarane i deira digitale tenestetilbod
- leggje til rette for at offentleg støtta lågterskeltilbod som er retta mot dei med manglande eller låg digital kompetanse som hovudregel skal vere gratis å delta på
- sørge for at befolkningas digitale kompetansenivå jamleg vert kartlagt
- samarbeide med offentlege, private og frivillige aktørar for å gjennomføre ein kampanje for å motivere innbyggjarane som treng digital kompetanseheving til å melde seg på kurs

3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?

Ein reduksjon i talet på innbyggjarar over 16 år med mangelfulle eller svake grunnleggjande digitale ferdigheiter frå 14 prosent i 2021 til 10 prosent i 2025.

Analyse av forpliktinga

Spørsmål	Svar (svar «ikke aktuelt» om det passer best)
1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit	Auka forståing for korleis forvaltninga fungerer. Digital skolering aukar tillit og forståing.
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknelegheit?	Innbyggjarane får innsikt og forståing i sine plikter og rettar. Fleire kan «kikke forvaltninga i korta». Aukar transparens og openheit.
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?	

Planlegge forpliktinga

Milepårar	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar		
31.12.2023	Handlingsplan m 29 tiltak Opprette samarbeidsforum for digital inkludering Tilskotsordning for auka digital deltaking og kompetanse	Alle milepårar gjennomførte	Ansvarleg:		
31.12.2025			Interessentar/ støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)
			Departement, underliggjande, kommunar	Ref. over + fleire	

6.5 Evaluering av elnnsyn

Namn på forpliktinga	Evaluering av publiseringstenesta elnnsyn		
Kort omtale av forpliktinga	<p>Evaluere tenesta for å få svar på om oppsette mål med publiseringstenesta er oppnådde og om tenesta vert driven og utvikla formålstenleg, også om tryggleiken i publiseringstenesta er tilstrekkeleg ivareteken.</p> <p>elnnsyn er ei allment tilgjengeleg nettbasert publiseringsteneste for offentlege verksemder som er underlagd offentleglova. Alle innbyggjarane, presse og medieverksemder, kan anonymt og gratis søkje i journalane og krevje innsyn i dokument som ikkje er publiserte.</p> <p>Då elnnsyn vart etablert som erstatning for Offentleg Elektronisk Postjournal (OEP), vart det sett fire hovudmål for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Betre sikkerheita i OEP - Gode og rasjonelle løysingar for å sikra personvern - Effektivisera arbeidsprosessar i forvaltninga - Gjera offentlege dokument enklare tilgjengelege for allmennheita» <p>Publiseringstenesta elnnsyn bør evaluerast på bakgrunn av målet for tenesta.</p>		
Ansvarleg for forpliktinga	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet (JD), og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD)		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	Alle verksemder som leverer eller kan levere innhald (postjournalar og lenker til fulltekstdokument) til publiseringstenesta.	Innbyggjarane generelt. I tillegg presse- og medieverksemdene sine organ som Norsk Presseforbund, Norsk Redaktørforening og Norsk Journalistlag. Andre relevante interesseorganisasjonar som: Advokatforeningen Akademikerne Amnesty International Helsedirektoratet Norsk Arkivråd Publish what you pay Norway	KS Leverandørar av andre løysingar for publisering av offentleg journal
Tidsrom (til – frå)	2023 – 2026		
Problemtale			
1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?			
<ul style="list-style-type: none"> • Evaluere om tenesta understøttar innsynsretten i offentleglova. • Evaluere om tenesta understøttar ynsket om meir fulltekstpublisering • Evaluere om tenestas finansieringsmodell er berekraftig og bidrar til effektivisering i forvaltninga. 			

- Evaluere om tenesta har effektiviseringsgevinst for forvaltningsprosessar knytte til handtering av innsynskrav.

Utdjuping:

Målsetjinga med Open Government Partnership er å styrke samarbeidet mellom innbyggjar og forvaltning fordi dette samarbeidet er sjølv fundamentet i eit godt samfunn. OGP tar utgangspunkt i at den beste måten å skape ei meir open, velfungerande og brukarvenleg forvaltning er eit ope, ærleg og utstrekt samarbeid mellom offentleg sektor og sivilsamfunn.

elnnsyn er ei allment tilgjengeleg publiseringsteneste for offentlege postjournalar, møte og utval. Statlege, samt nokre fylkeskommunale og kommunale verksemder, publiserer postjournalar og møte- og utvaldsdata på elnnsyn, der innbyggjaren får tilgang til å søkje og tinge innsyn i dokument. Offentlege verksemder kan leggje ved lenke til fulltekstpubliserte dokument i journalposten eller møte som dokumentet tilhøyrar. Ved å gjere journalane tilgjengelege, søkbare og bestillbare på ein og same plass gjer elnnsyn det veldig enkelt for innbyggjarane og næringsliv å krevje innsyn i offentlege dokument baserte på innsynsretten dei har gjennom Offentleglova. Tenesta er unik i verdssamanheng.

Mål med ei evaluering:

Etter fleire års drift bør tenesta evaluierast med tanke på om tenesta leverer ut frå måla for tenesta og om ho vert drifta på ein føremålstenleg og forsvarleg måte.

Det bør evaluierast om tenesta er tilstrekkeleg brukarvenleg slik at vanlege borgarar utan ekstra kunnskap om bruk av søkeparameter kan finne informasjonen.

Evalueringa kan være eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for ny strategi for elnnsyn.

2. Kva skuldast problemet?

- Bruk av elnnsyn er heimla i offentlegforskrifta, men dette gjeld kun for statleg sektor. Kommunal sektor er omfatta kun av bestemming i §7.
- Det kan vere store kostnader for kommunal sektor å ta i bruk elnnsyn som en publiseringsløysning.
- Løysinga har fleire gonger vore utsett for sikkerheitshendingar og dette kan gi opphav til vurderingar om tenesta bør tryggjast betre mot slike hendingar.

Omtale av forpliktinga

1. Kva er vorte gjort så langt for å løyse problemet?

Publiseringstenesta er ikkje evaluert sidan oppstart av Offentleg Elektronisk Postjournal (OEP) med tanke om korleis tenesta leverer i høve til måla for tenesta. OEP/elnnnsyn har fått stor internasjonal merksemd og positiv omtale som den første i sitt slag, men aldri vorten eksternt evaluert opp mot målsetting.

2. Kva for løysing foreslår ein?

Ein gjer derfor her framlegg om ei ekstern evaluering av elnnsyn. Ei ekstern evaluering må mellom anna hente inn røynsler og innspel frå representantar frå forvaltninga, sivile samfunn og media.

3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?

Forbetringar av tenesta knytte til ei betre måloppnåing og ei formålstenleg (berekraftig) teknisk og organisatorisk løysning for drift av tenesta.
Ei eventuell justering av mål for vidare utvikling og drift av Einnsyn.

Analyse av forpliktinga

Spørsmål	Svar
1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit?	Bidra til at tenesta framleis skal kunne vere eit godt, sikkert og kostnadseffektivt verktøy for å gje innsyn i offentlege dokument.

	Auke tillit til at vi forvaltar og vidareutviklar den best moglege løysninga. Offentlege styresmakter har tilgang til ein trygg og effektiv måte å ivareta openheit.
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknelegheit?	Betre innsyn i offentlege dokument. Ein undersøker i kva grad dagens løysning er innretta mot ein mest mogleg brukarvenleg og heilskapleg tilgang til offentlege organ sin informasjon.
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?	Ei evaluert teneste vil gje borgarane, medie- og presse større tillit til at tenesta skal gje ei best mogleg oversikt over offentlege dokument som det kan fremjast eit innsynskrav for. Ei forplikting om evaluering av tenesta kan vere eit viktig bidrag til å betre tenesta.

Planlegge forpliktinga

Milepål	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar		
Starte ei evaluering 2023 – 2026	Motta ein rapport frå evalueringa	2026	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet		
			Interessentar/støttespelarar		
			Forvaltning Digidir Departementa mv	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)
				Presse Medium Norsk Arkivråd	

6.6 Utvikle ei meir strategisk tilnærming til antikorrupsjonsarbeidet

Namn på forpliktinga	Utvikle ei meir strategisk tilnærming til antikorrupsjonsarbeidet		
Kort omtale av forpliktinga	<ol style="list-style-type: none"> 1. Styresmaktene skal utvikle ei meir strategisk tilnærming til antikorrupsjonsarbeidet. Relevante tiltak vert ivareteke gjennom den komande meldinga om økonomisk kriminalitet og vert konkretisert i oppfølginga av denne. 2. Styresmaktene skal lansere ein nettstad om antikorrupsjon med informasjon om breidda i antikorrupsjonsarbeidet i Noreg. 		
Ansvarleg for forpliktinga	Justis- og beredskapsdepartementet		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	<ul style="list-style-type: none"> • Justisdepartementet • Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet • Finansdepartementet • Nærings- og handelsdepartementet • Arbeids- og inkluderingsdepartementet • Utanriksdepartementet <p>Underliggjande etatar som Politiet/Økokrim</p> <p>Kommunar og fylkeskommunar</p>	Transparency International (TI)	Private verksemdar Media Varslarar
Tidsrom (til – frå)	2023-2027		
Problemtale			
<p>1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?</p> <p>Korrupsjon utgjer eit trugsmål mot rettsstaten, demokratiet, menneskerettane og sosial rettferd, og kan også hindre økonomisk utvikling og verke konkurransevridande. Internasjonale og nasjonale undersøkingar viser at nivået av korrupsjon i Noreg er svært lågt samanlikna med dei fleste andre land. Ein etablert kultur for openheit og tillit mellom styresmakter, næringsliv og sivilsamfunnet – saman med tydeleg nulltoleranse mot korrupsjon – er viktige føresetnader for dette låge nivået. Til tross for at det er lite korrupsjon i Noreg, veit vi at korrupsjon også finst her. Kwart år vert domar avsagde som syner at korrupsjon skjer i offentleg forvaltning og i private selskap. Fleire av straffesakene om korrupsjon som har vore førte i Noreg er av svært alvorleg karakter. Vidare viser undersøkingar, mellom anna innbyggjarundersøkinga av 2021,</p>			

Transparency International sin årlege korrupsjonsindeks samt Global corruption barometer (2021) at mange innbyggjarar trur at det førekjem korrupsjon og nepotisme i stat og kommune.

Norske styresmakter prioriterer høgt å delta aktivt i det internasjonale samarbeidet mot korrupsjon. Aktiv deltaking i internasjonale fora hjelper oss å vurdere kor vi står i vår antikorrupsjonsinnsats og kva for hol som må tettast til eikor tid. Evalueringane har avdekt svakheiter i dei førebyggjande tiltaka og Noreg har fått fleire tilrådingar av ulike internasjonale organisasjonar som FN, GRECO og OECD.

Det er behov for kontinuerleg innsats for å førebyggje korrupsjon. Samarbeid på tvers av sektorar og mellom det offentlege og det private er heilt sentralt for å få til ei effektiv førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg og internasjonalt. Det er vidare viktig å sikre at tilliten til demokratiet/styresmaktene i Noreg er høg også i framtida.

Ein høg standard på antikorrupsjonsarbeidet og informasjon om breidda i styremaktenes innsats på dette området vil kunne bidra til å byggje slik tillit.

2. Kva skuldast problemet?

Mogelegheitene til å gjere seg skuldig i korrupsjon aukar når det førebyggjande arbeidet er mangelfullt, haldningane og medvitet er lågt og korrupsjonshandlingar i for liten grad vert avdekte, etterforska og pådømde.

Kritisk aktsemd trengst mellom alle aktørar i det norske samfunnet for å hindre at risikoen for korrupsjon aukar.

Omtale av forpliktinga

1. Kva er gjort så langt for å løyse problemet?

Korrupsjonsbestemmingane i straffelova vart innførte i 2003 (§§ 387-389 i ny straffelov vidarefører bestemmingane i straffeloven av 1902).

Noreg er tilslutta fleire antikorrupsjonskonvensjonar:

- OECD-konvensjonen om motarbeiding av muting av utanlandske tenestemenn i internasjonale forretningstilhøve av 21. november 1997
- Europarådets strafferettslege konvensjon mot korrupsjon av 27. januar 1999
- FNs konvensjon mot korrupsjon av 31. oktober 2003.

Økokrim utarbeider årlege trusselsvurderingar og i 2022 utgav Økokrim ei indikatorliste over typetilfelle av korrupsjon. Det er påpeikt manglande oppfølging av trusselsvurderingane frå Økokrim.

Næringslivet/private verksemdar utarbeider eigne antikorrupsjonsprogram, medan det berre er eit fåtal av kommunane som har utarbeidd eigne antikorrupsjonsprogram. Omfang, kvalitet og verking av antikorrupsjonsprogramma er ikkje kartlagde systematisk.

Det er etablert et interdepartementalt samarbeidsforum, og innbyggjarundersøkingar vert jamleg gjennomførte.

Nasjonal omfangsundersøking om økonomisk kriminalitet (retta mot verksemdar og kommunar) vart gjennomført i 2022.

Regjeringa har vedteke å fremje ei stortingsmelding om å kjempe mot økonomisk kriminalitet. Forpliktande oppfølging i form av nasjonale, lokale og sektorvise planar innanfor offentleg sektor er i liten grad nedfelte.

2. Kva for løysing foreslår ein?

I den komande stortingsmeldinga om økonomisk kriminalitet er det lagt vekt på å ha ei heilskapleg tilnærming til førebygging og kamp mot all økonomisk kriminalitet, her også

korrupsjon. Førebygging og avdekking av korrupsjon skjer i samarbeid med mange ulike aktørar, som politi, varslarar, medium, bankar mv. Samarbeid mellom det offentlege og private er følgeleg heilt sentralt for å få til ei effektiv førebygging og kamp mot korrupsjon. Meldinga vil mellom anna fokusere på behovet for kunnskapsbygging, slik som forskning og løysningar som kan sikre ei meir effektiv førebygging, avdekking og etterforsking av økonomisk kriminalitet.

Når det særskilt gjeld korrupsjon, kan meldinga til dømes fokusere på følgande tiltak:

- Analysere risikoområde og omtale førekomst av risikofaktorar
- Samanfatte kunnskap om førekomst av problemet innanfor ulike samfunnsområde
- Tilrå framgangsmåtar og hovudelement i et førebyggjande arbeid
- Formulere mål og forventning (krav) til antikorrupsjonsprogram i offentleg og privat sektor (utarbeide rettleiarar osv.)
- Evaluere politiets etterforsking og den strafferettslege handhevinga av korrupsjon, i lys av at det er 20 år sidan bestemmingane trådte i kraft
- Identifisere utdanningsbehov og foreslå utdanningstilbod som kan bidra til å styrke kompetansen innanfor antikorrupsjon
- Identifisere moglege svakheiter i gjeldande lovverk og vurderer lovendingar

Justis- og beredskapsdepartementet vil opprette ei nettside med informasjon om styresmaktene sin innsats mot korrupsjon. Breidda i antikorrupsjonsarbeidet, kor veldig mange departement og etatar har ansvar innanfor sine sektorar, og kor det i tillegg er mange ulike nasjonale og internasjonale initiativ og oppfølgingar, vil verte synleg gjennom lansering av ein slik nettside.

3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?

- a. Styrkje evna til å forebygge, avdekke og kjempe mot korrupsjon.
- b. Bidra til redusere korrupsjon i Noreg
- c. Høgare bevisstheit i befolkning, privat næringsliv og offentleg sektor
- d. Betre dialogen mellom styresmakter og befolkning for å førebyggje korrupsjon

Analyse av forpliktinga

Spørsmål	
1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit?	Open dialog mellom styresmakter og befolkning om antikorrupsjonsarbeid. Dette kan også førebyggje korrupsjon. Ei samla tydeleggjering av styremaktene sine haldningar til korrupsjon, ulike tiltak for førebygging og avdekking av korrupsjon, og konsekvensane av bryte lova, ventar ein vil ha ein preventiv effekt både overfor publikum og offentlege styresmakter.
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknlegheit?	Strategiens mål og tiltak vil føre til at likehandsaming og rettstryggleik i større grad vert sikra, ved at høvet til å gjennomføre korrupte handlingar vert reduserte.
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?	Stortingsmeldinga og oppfølging av henne vil gje borgarane eit meir informert grunnlag for å delta, påverke og følgje opp offentleg innsats på området. Nettstaden vil bidra til at informasjonstilgangen til borgarane vert eklare og meir effektiv, som igjen kan leie til større høve for deltaking samt overvake styresmaktenes innsats på området.

Planlegge forpliktinga

Milepålar	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar

Stortingsmelding om økonomisk kriminalitet Følgje opp stortingsmeldinga om økonomisk kriminalitet		Ultimo 2023 2024-2027	Ansvarleg:		
			Interessentar/støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)
			Justis- og beredskapsdepartementet. Andre dept/etatar	Sivilsamfunnet Privat næringsliv	Stortinget
Opprette nettside		Juni 2023 Behov for jamlege oppdateringar	Ansvarleg:		
			Interessentar/støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsamfunnsorganisasjonar	Andre (f.eks. parlament, sivilsamfunn, andre)
			Justis- og beredskapsdepartementet		

6.7 Betre innsyn i straffesaksdokument for å gjere reglane meir i samsvar med gjeldande rettstilstand

Namn på forpliktinga	Openheit i justissektoren
Kort omtale av forpliktinga	Følgje opp arbeid med å betre innsyn i straffesaksdokument for å gjere reglane meir slik at dei samsvarar med gjeldande rettstilstand som er etablert både i Høyesterett og EMD, jf. HR-2013-641-A, HR-2015-2536-A, HR-2021-526-A og <i>Magyar Helsinki Bizottság mot Ungarn</i> (18030/11), 8. november 2016, her også følgje opp høyringsrunden etter utgreiinga om dokumentoffentlegheit i straffesaker, Aarli, R. 2021

Ansvarleg for forpliktinga	Justis- og beredskapsdepartementet		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
		Medieorganisasjonane	
Tidsrom (til – frå)	Oppstart 2023 Ferdigstilling i løpet av første halvåret 2025.		
Problemomtale			
1. Kva for problem skal forpliktinga løyse? Pressa opplever det som vanskeleg å få tilgang til politiets straffesaksdokument og at dette gjer det vanskeleg for media i å utøve rolla som «offentleg vaktbikkje» på eit viktig område.			
2. Kva skuldast problemet? Pressa gir uttrykk for at regelverket er utdatert.			
Omtale av forpliktinga			
1. Kva er gjort for å løyse problemet? Utgreiing som er send på høyring.			
2. Kva for løysing foreslår ein? Følge opp utgreiinga.			
3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga? Arbeidet med forpliktinga tek sikte på å setje i gang ein føremålstenleg prosess som skal leie fram mot eit oppdatert regelverk på bakgrunn av Aarlis utgreiing, til dømes å ha sett i gang vidare utgreiingsarbeid. Det er naturleg at relevante aktørar som media, representantar frå påtalemakta, advokatbransjen og domstolane på ein føremålstenleg måte vert trekte inn i arbeidet med å oppdatere lovverket.			
Analyse av forpliktinga			
Spørsmål	Svar (svar «ikkje aktuelt» om det passer best)		
1. Korleis vil forpliktinga fremje openheit?	Betre rettsreglar vil tvinge fram betre praksis og kan, om ein utformar dei rett, bidra til å forenkle innsynsprosessen og gje god rettleiing til dei som skal vurdere innsyn.		
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknlegheit?	Betre innblikk i hendingar og institusjonar i samfunnet kan gjere det enklare å kople seg på debattar og engasjere seg.		
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?			
Planlegge forpliktinga			

Milepårar	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar		
			Ansvarleg:		
			Interessentar/ støttespelarar		
			Forvaltning	Sivilsam- funnsorga- nisasjonar	Andre (f.eks. parla- ment, sivil- sam- funn, andre)

7 Vedlegg: Nærare om prosessen fram mot handlingsplanen

7.1 Møte i Interessentforum 23. juni 2022

Arbeidet med HP 5 heldt fram med brev til Interessentforum 3. juni 2022. I brevet låg en innbyding til møte 23. juni. På møtet var det deltakarar både frå forvaltninga og sivilsamfunnet.

I forkant av møtet var deltakarane (både frå forvaltninga og sivilsamfunnet) bedne om å kome med innspel til moglege forpliktingar til handlingsplanen. Brevet omtalte dei sju områda regjeringa hadde prioritert, og innbaud sivilsamfunnet til å kome med ytterlegare forslag til område.

Møtet vart leia av Kommunal- og distriktsdepartementet.

7.2 Høyringsrunden

På møtet 23. juni var det semje om å utbreie kjennskapen til Open Government Partnership ved å innby til eit større seminar for mellom anna å få fleire innspel til handlingsplanen. Eitt av tiltaka ville vere ei allmenn høyring kor alle kan spele inn eller kommentere forslag. Saka vart lagd ut under «Høyringar» på regjeringa.no. 1.7.2022 med frist for innspel 25.8.2022. Då hadde det allereie kome innspel frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar, Mediebedriftene, Publish What You Pay og Tax Justice.¹²

Høyringar gir høve for alle å kunne kome med innspel og ytre seg. Dermed avgrensar ein ikkje høvet berre til organiserte interesser. Det gir også høve for innsyn i kva for forslag som vert fremma sidan alle innspel er opne. Alle kan delta med innspel til høyringar, og alle høyringsdokument og innspela i høyringa vert registrerte og journalførte og er offentleg tilgjengelege.

I alt kom det inn fleire innspel i løpet av høyringa, både frå einskildpersonar og frå organisasjonar. I tillegg kom det innspel kom frå forvaltninga sjølv. Innspela vart suksessivt lagde ut på regjeringa.no.

7.3 Møte i Interessentforum 20. september 2022

Kommunal- og distriktsdepartementet innbaud saman med OGP-rådet i brev av 31.8.2022 det andre møtet i Interessentforumet 20.9.2022. Møtet hadde form av eit seminar om openheitsarbeidet i Noreg: Spørsmåla arrangørane ynskte å kaste lys over, var:

- Korleis kan vi skape ei meir effektiv og brukarvenleg forvaltning gjennom meir openheit i Noreg?
- Kva skal vårt felles openheitsarbeid handle om?
- Kva er viktig å ta tak i dei neste åra?

Ynsket var å samle folk på tvers av sektorane for å inspirere og stake ut vegen vidare dei neste åra. Dette ville kunne gje høve for alle sektorar til å påverke utviklinga nasjonalt og skape nye partnerskap for arbeidet i åra som kjem. Målet med seminaret var å skape

¹² Se sak 22/4554

merksemd om OGP/partnerskap om open forvaltning i Noreg - og gjensidig inspirere til innsats ved å:

- samle folk på tvers av sektorane
- utvikle ein felles ståstad/felles forståing for utfordringane i Noreg
- gi aktørane eit rom for å diskutere, verte betre kjende, utvikle relasjonar og mogeleg samarbeid og utvikle eit grunnlag for vidare arbeid med handlingsplanen

Møtet vart arrangert med innleiingar frå mellom anna tidlegare norsk Independent Reporting Mechanism-representant Pål W. Skedsmo. Etter innleiingane vart deltakarane delte inn i mindre grupper med deltaking både frå forvaltninga og det sivile samfunn som drøfte dei innkomne innspela samtidig som dei vart bedne om å utvikle desse til konkrete forpliktingar og gjerne kome med nye framlegg. Dette møtet vart leia av statssekretær Gunn Karin Gjul i Kommunal- og distriktsdepartementet, og ho deltok også i ei av gruppene.

7.4 Møte med medlemmer av Interessentforum 13. og 16. januar 2023

På bakgrunn av høyringsrunden og resultatet av møtet i september sende Kommunal- og distriktsdepartementet ut ei oversikt over dei innspela som var komne inn til handlingsplanen, både frå forvaltninga og frå det sivile samfunn. Totalt dreidde det seg om ei liste på rundt 25 ulike framlegg til forpliktingar. Departementet foreslo i samråd med OGP-rådet å vidareføre eit mindre tal av forpliktingar. Departementet bad dei aktuelle departementa og sivilsamfunnsorganisasjonane saman utarbeide forpliktingar. Som mal låg OGPs standard skjema for forpliktingar.

Det vart halde to møte høvesvis 13. og 16. januar med deltaking både frå forvaltninga og sivilsamfunnet.

7.5 Oppfølginga av møta i januar 2023 – prosessen mot ferdiggjering

Etter møta i januar som vart leia av Kommunal- og distriktsdepartementet, var det oppfølgande møte mellom forvaltninga og det sivile samfunnet for å konkretisere dei einskilde forpliktingane. Det samla handlingsplanforslaget vart sendt ut for kommentar i medio mai 2023.

Departementet sende ut brev til Interessentforumet 16.11, seinare oppdatert 1.12, med ei samla oversikt over innkomne forpliktingar, totalt ca. 25 forpliktingar. Fleire av forslaga til forpliktingar dekte dei same områda, slik at det faktiske talet tema som kunne spelast inn i handlingsplanen, reelt sett var lågare. OGP-rådet vart konsultert om innhaldet i brevet.

På bakgrunn av tilbakemeldingane på dei framlagde innspela sette departementet opp ei liste på tema som syntest særleg relevante å arbeide vidare med. Der var det lagt vekt på område der kor det er høve for betring (der kor Noreg ikkje kom godt ut i samanlikningar, kor vi ikkje er nøgde med status og kor det er høve for «strek») og som oppfølging av kommentarane frå Independent Reporting Mechanism. Dette var: antikorupsjon, arkiv/journalføring, offentlege innkjøp, klarspråk, digital inkludering og motarbeiding av digitalt utanforskap. På enkelte av dei områda regjeringa hadde prioritert, kom det ikkje inn innspel, korkje frå forvaltninga eller frå sivilsamfunnet. Dette galdt til dømes klima og miljø.

7.6 Kommenterar etter høyringsprosessen juni 2023.

Frå sivilsamfunnet er handlingsplanen kommentert av Kommunikasjonsforeningen, Norsk arkivråd og Transparency International, Noreg.

Kommunikasjonsforeningen ynskjer å stille spørsmål om korleis handhevinga av regelverket for universell utforming av IKT-løysingar skal oppfølgast. Foreininga trekker også fram arbeidet med antikorrupsjon og arbeidet med å etablere eit ope lobbyregister i Noreg.

Norsk arkivråd har enkelte forslag til tilføyning under tiltak 5.5.(« Evaluering av publiserings-tjenesten elnnsyn»).

8 Forpliktingar som er fremma, men som ikkje er klare for at ein kan leggje dei inn i planen nå, men som ein kan arbeide vidare med i inntil eitt år etter at handlingsplanen er fremma:

OGP opnar for at handlingsplanen også kan omfatte forslag til forpliktingar som dei einskilde landa vurderer å arbeide vidare med, men som ennå ikkje er så gjennomarbeidde at dei er eigna som del av handlingsplanen. Desse kan verte lagde inn i planen innan eitt år eitt at han vert sett i verk.

Det er kome inn tre forslag til slike forpliktingar. Desse er ikkje handsama gjennom dei ordinære prosessane mellom forvaltninga og det sivile samfunnet, men kome inn i etterkant. Alle tre er fremma av departement.

8.1 Openheit og integritet i lobbyverksemd

Namn og nummer på forpliktinga	Openheit og integritet i lobbyverksemd		
Kort omtale av forpliktinga	<p>Fleire og fleire land har over lang tid regulert lobbyverksemda. Noreg har inga slik regulering, men har reguleringar av arkivering, journalføring og offentlegheit.</p> <p>Vurdere om Noreg oppfyller internasjonale tilrådingar om openheit og integritet om lobbyverksemd.</p> <p>I samband med dette er det relevant å vurdere tilrådingane frå OECD, Europarådet, IRM og GRECO.</p>		
Ansvarleg for forpliktinga	Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (Avdeling for IT og forvaltningspolitikk)		
Interessentar	Styresmakter	Sivilt samfunn	Andre (parlament, privat sektor o.l.)
	Justis- og beredskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Statsministerens kontor	TI, Mediebransjen	KS, Stortinget
Tidsrom (til – frå)	2024-2027		
Problemomtale			
<p>1. Kva for problem skal forpliktinga løyse?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig å ha openheit og integritet i lobbyverksemda slik at ein sikrar «fair play» når ein utformar offentleg politikk. • Openheit og integritet kan ein sikre på ulike måtar, for eksempel gjennom lobbyregistre. 			

- Det viktigaste er at det er openheit om kven som freistar å påverke styresmaktene, kva for innspel dei kjem med, kven dei rettar innspela mot og når dei kjem med innspela.

2. Kva skuldast problemet?

Mangel på openheit og integritet i lobbyverksemd. Rapporten «*Svært demokratisk, men ikke demokratisk nok: En tilstandsanalyse av det norske demokratiet 2015-2021*» seier mellom anna at ressurssterke lobbygrupper har stor påverknad - ikkje berre i nasjonalpolitikken, men også lokalt og regionalt. Dette bryt med eit demokratisk prinsipp om politisk likskap mellom innbyggjarane sidan nokre ressurssterke innbyggjarar i praksis vil kunne få meir politisk makt enn andre.

Omtale av forpliktinga

1. Kva er gjort så langt for å løyse problemet?

Lite. OGP's handlingsplanar, undersøkingar frå TI og deltaking i arbeid i OECD og Europarådet. Spørsmålet om å opprette lobbyregister har vore reist i Stortinget fleire gonger og i nokon kommunar.

2. Kva for løysing foreslår ein?

Utgreiing for å vurdere om Noreg oppfyller internasjonale tilrådingar om openheit og integritet i lobbyverksemd. Utgreiinga skal vidare peike på eventuelle tiltak som kan auke graden av openheit og integritet i lobbyverksemd. Eitt slikt tiltak kan vere lobbyregister, men også andre alternative tiltak må vurderast.

3. Kva for resultat vil ein oppnå ved å implementere forpliktinga?

- At innspel frå lobbyistar aukar kvaliteten på sakshandsaminga, til dømes gjennom nye og oppdaterte fakta og andre vurderingar.
- At innspel frå lobbyistar ikkje kjem «fremst i køa», og at innspela deira ikkje vil vere skjulte frå andre partar eller interessentar i sakene.
- At lobbyverksemda sikrar «fair play» når ein utformar offentleg politikk.

Analyse av forpliktinga

Spørsmål	Svar
1 Korleis vil forpliktinga fremje openheit?	At ein får innsyn i kven som er lobbyistar, kva for forslag dei fremmar og kven dei fremmar forslaga ovanfor. I tillegg får andre høve til å kvalitetssikre både fakta og vurderingar frå lobbyistane.
2. Korleis vil forpliktinga bidra til større påreknelegheit?	Gjennom ei betre kvalitetssikring av utviklinga av offentleg politikk.
3. Korleis vil forpliktinga betre høvet for borgarane til å delta gjennom å omtale, gjennomføre og overvake løysingane?	Alle kan fremje lobbyforslag. Desse vil vere opne og det vil vere mogleg å kommentere dei

Planlegge forpliktinga

Milepår	Forventa utfall	Forventa fullførings-tidspunkt	Interessentar
Starte utgreiing, NOU	Utgreiing med forslag om tiltak		Sivilsamfunnsorganisasjonar

Leverer utgrei- ing				
			Digitaliserings- og forvaltningsdepar- tementet	
			Interessentar/Støttespela- rar	
			Forvaltning	Sivilsam- funnsorga- nisasjonar
				Andre (f.eks. parla- ment, sivil- sam- funn, andre)

8.2 Følge opp utgreiinga frå Ytringsfrihetskommisjonen (2022:9) og Personvernkommisjonen (NOU 2022:11)

Justis- og beredskapsdepartementet har fremma forslag om oppfølging av utgreiinga frå Ytringsfrihetskommisjonen (2022:9) og personvernkommisjonen (NOU 2022:11). Departementet viser til at det her er fleire kapittel som gjer greie for tilhøve som kan vere viktige for openheit. Departementet viser særleg til punkt 7 i begge NOU-ane, som handlar om høvesvis personvern i justissektoren og internett som infrastruktur for ytringsfridomen.

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår at ein bør sjå på korleis ny teknologi kan påverke den offentlege samtalen, også kommunikasjonsfridom og kjeldevern.

8.3 Arbeide for at det ikkje vert halde attende meir informasjon på helseområdet enn det er grunnlag for i lova

Presseorganisasjonane fremma forslag om ei forpliking om at offentlege styresmakter skal leggje til rette for openheit og innsyn ved å sikre at det offentlege ikkje held attende meir informasjon enn det er grunnlag for i lova. Bakgrunnen er at pressa opplever manglande innsyn i helserelaterte opplysningar ved pressedekning av ulykker, feilhandsaming og andre helserelaterte saker. I desse sakene vert pressa ofte møtt med det dei opplever som feilaktige og overdrivne føringar om GDPR og teieplikt frå sjukehus mv. Spørsmålet er difor om GDPR og teieplikta vert tolka for vidt, og om forordningas artikkel 85 vert forstått og praktisert rett.

Den førebelse forplikinga er å arbeide for at ein ikkje held attende meir informasjon på helseområdet enn det er grunnlag for i lova, noko ein kan oppnå gjennom rett praktisering av GDPR og teiepliktreglane.